

Prop. 28 S

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2018 under Justis- og beredskapsdepartementet

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 23. november 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet 2018.

2 Forslag om endringar

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtjersle til tilsette i departementet og lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Vidare skal løyvinga dekke driftsutgifter, i tillegg til investeringar og utviklingstiltak.

EØS-ordninga

Justis- og beredskapsdepartementet er program-partnar i prioriterte mottakarland for EØS-ordninga, og i desse landa blir det etablert vesentlege justis- og innanriksprogram. Kostnadene til departementet blir refunderte gjennom avtalen med Financial Mechanism Office (FMO). Fordi programma har blitt forseinka, kjem refusjonen for 2018 til å bli lågare enn budsjettet. Som ei følgje av dette foreslår departementet å redusere løy-

vinga med 950 000 kroner, jf. kap. 3400, post 01 Diverse inntekter.

Omdisponering til Hovudredningssentralen

I samband med at ein tilsett i departementet skal omdisponerast mellombels til Hovudredningssentralen i Sør-Noreg, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 400, post 01, med 750 000 kroner mot ein tilsvarande auke i løyvinga på kap. 455, post 01, jf. omtale under kap. 455, post 01.

Omdisponering frå Sivil klareringsmyndighet

Sivil klareringsmyndighet held mellombels til i Justis- og beredskapsdepartementet, og departementet dekker administrative kostnader til husleige, straum og andre felleskostnader. Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 400, post 01, med 800 000 kroner mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 453, post 01, jf. omtale under kap. 453, post 01.

Rammeoverføring

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 250 000 kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 200 Kunnskapsdeparte-

mentet, post 01 Driftsutgifter. Endringa er knytt til flyttinga av Integreringsavdelinga frå Justis- og beredskapsdepartementet til Kunnskapsdepartementet i 2018.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 400, post 01, med 0,7 mill. kroner

Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

Post 01 Diverse inntekter

Løyvinga dekker kantinedrifta som departementet har i Nydalen, og diverse inntekter.

Justis- og beredskapsdepartementet er programpartner i prioriterte mottakarland for EØS-ordninga, og i desse landa blir det etablert vesentlege justis- og innanriksprogram. Justis- og beredskapsdepartementet vil få refundert kostnadene sine gjennom avtale med Financial Mechanism Office (FMO). Fordi programma har blitt forseinka, kjem refusjonen for 2018 til å bli lågare enn budsjettet. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 950 000 kroner, jf. omtale under kap. 400, post 01 Driftsutgifter.

Kap. 410 Domstolane

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsførte tiltak m.m. under bubebehandling og forkynning som er nødvendig etter lova.

Det er venta høgare utgifter til tvangsførte tiltak og sideutgifter knytte til tingrettane og namsmaktene. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstolar, kan overførast

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene blir ført i eigne saksrekneskapar, og utgifter og inntekter skal balanserast når saka er avslutta, sjølv om dette kan gå over fleire år.

Det har vore ein nedgang i kostnadene knytte til å krevje inn sideutgifter i jordskiftedomstolane.

Domstoladministrasjonen ventar at nedgangen vil vare ut 2018. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga med 2,6 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolane

Post 01 Rettsgebyr

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsførte tiltak m.m.

Det er ein nedgang i innkommande tviste-, konkurs-, tvangs-, skifte-, skjønns- og gjeldsordningssaker i 1. tertial 2018 samanlikna med same periode i 2017. Det er derfor venta at inntektene under posten vil bli lågare enn dei har vore rekna til tidlegare. Basert på rekneskapstal og lineær framskriving foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 44,2 mill. kroner.

Kap. 414 Forliksråd og andre domsutgifter

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til godtgjersle og køyregodtgjersle til medlemmer av forliksråda og nødvendige kompetansetiltak.

Utbetalingane på posten er lågare enn budsjettet hittil i år. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorga

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemrd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kosthold for dei innsette. I tillegg har posten dekt utgifter til leige av fengselsplassar i Nederland gjennom leigeperioden.

Leige av fengselsplassar i Nederland – valutaendringar

Valutaendringar har ført til eit meirbehov knytt til betaling av leige og variable utgifter i samband med leige av Norgerhavens fengsel i Nederland i 2018. Samla utgjer valutaendringane auka utgifter på 5,9 mill. kroner.

Kvinnefengsel Arendal fengsel, avdeling Evje – omdisponering

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2018 vart løyvinga under kap. 430, post 01 auka med 10 mill. kroner, inkludert 7 mill. kroner til å finansiere ombygging av nytt kvinnefengsel ved Arendal fengsel, avdeling Evje. Utgiftene til ombygging av Arendal fengsel, avdeling Evje, er investeringsutgifter og bør førast på kap. 430, post 45. Departementet foreslår derfor å redusere posten med 7 mill. kroner mot ein tilsvarende auke på kap. 430, post 45.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 430, post 01, med 1,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Han omfattar òg løying til IKT-løysingar, maskiner, og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av verktøy. Departementet foreslår å auke løyvinga med 7 mill. kroner til ombygging av Arendal fengsel, avdeling Evje, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 430, post 01.

Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde m.m., kan overførast

Løyvinga på posten dekker refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslatne frå forvaring og varetektsurrogat. Det er domstolane som avgjer prøvelauslatingar frå forvaring for opphold i institusjon eller kommunal bustad. I saldert budsjett 2018 er løyvinga på 76,8 mill. kroner. I tillegg er det overført 11,7 mill. kroner i ubrukt løyving frå 2017. Berekningar frå kriminalomsorga tilseier at det er eit samla behov for løyvingar under posten på 69,7 mill. kroner i 2018. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på posten med 18,8 mill. kroner i 2018.

Kap. 432 Kriminalomsorgas høgskule og utdanningssenter

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønnsutgifter til personale ved Kriminalomsorgas høgskule og utdanningssenter (KRUS), lønn til aspirantar og drifts- og husleigeutgifter tilknytte skulebygningen. Posten omfattar

også løyving til inventar og utstyr i skuleeksjonen og i kontora, reiser, opphold og uniforms-effektar for aspirantane og ulike kurs til spesialstillingar innan kriminalomsorga. Justis- og beredskapsdepartementet er gitt fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3432, post 03. Inntektene på kap. 3432, post 03, er venta å bli lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga i 2018. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga under posten med 0,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3432, post 03.

Kap. 3432 Kriminalomsorgas høgskule og utdanningssenter

Post 03 Andre inntekter

Posten i 2018 omfattar bl.a. inntekter frå aspirantane sine eigendelar til skulebøker, refunderte utgifter frå deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt (Norway Grants) og forskingsoppdrag. Det er venta at inntektene under posten vil bli lågare enn dei har vore rekna til tidlegare. Departementet foreslår derfor å redusere posten med 0,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 432, post 01.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i POD, politidistrikta, politireserven, dei lokale PST-einingane i politidistrikta og politiets særorgan, med unntak av PHS og PST. Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt for å dekke utgifter til oppfølging av handlingsplanar m.m. Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3440, post 02.

Fleire pass – paralleljustering

Det er venta ein auke i talet på produserte pass. Dette vil gi auka utgifter til politiet på 42,7 mill. kroner i 2018, jf. omtale under kap. 3440, post 01.

Redusert internfakturering i politiet – paralleljustering

Det er venta at det vil bli mindre internfakturering mellom politidistrikt og særorgan. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løy-

vinga på kap. 440, post 01, med 50 mill. kroner, jf. omtale under kap. 3440, post 02.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 01, med 7,3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker sideutgifter for politi- og lensmannsetaten i samband med asylsaker, som utgifter til uttransportering i asylsaker og andre utlendingssaker. Reduksjon i talet på asylsøkarar gir mindreutgifter til tolk, språkanalyse og andre variable utgifter knytte til registrering av asylsøkarar. Vidare er prognosene for talet på uttransporteringar lågare enn måltalet. Som følgje av dette foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 21, med 40 mill. kroner.

Post 22 Søk etter omkomne på havet, i innsjørar og i vassdrag, kan overførast

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter omkomne på havet, i innsjørar og i vassdrag. Posten dekker også nokre personellutgifter og eventuelle utgifter til å betre søkermetodane. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2018 foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 440, post 22, med 2,0 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i samband med sivile gjermål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjermål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsførretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2018 foreslår departementet å redusere løyvinga under kap. 440, post 23 med 6,6 mill. kroner.

Post 25 Retur av asylsøkarar med avslag og andre utlendingar utan lovleg opphold, overslagsløyving

Løyvinga på posten dekker dei variable utgiftene til retur av asylsøkarar med avslag, bort- og utviste og dublinarar. Måltalet for returar av personar utan lovleg opphold vart i 2018 redusert frå 9 000 til 7 500. Førebelse prognosar viser at talet på returar blir om lag 5 000 i 2018. Dette gir lågare utgifter til uttransporteringar. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 440, post 25, med 31,3 mill. kroner.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Gebyr – pass og våpen – paralleljustering

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingsgebyr for pass og våpenløyvingar. Det er venta ein auke i gebyrinntektene på grunn av ein auke i talet på produserte pass i 2018. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 01, med 42,7 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke i løyvinga på kap. 440, post 01.

Post 02 Refusjonar – paralleljustering

Løyvinga dekker diverse inntekter. Det er venta at det vil bli mindre internfakturering i politietaten i 2018. Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 50 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om statsborgarskap, familieinnvandring, arbeidsløyve, utdanningsløyve og permanent oppholdsløyve. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2018 foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 06, med 0,4 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjermål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet, det vil seie gebyr for tvangsførretningar og forliksrådsbehandling. På bakgrunn av auke i talet på utlegg foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 07, med 73,4 mill. kroner.

Post 08 Refusjonar fra EUs grense- og visumfond

Posten dekker inntektene frå EUs indre tryggleksfond. Gjennom fondsperioden (2014–2020) er det venta at Noreg mottek om lag 14,3 mill. euro i refusjonar frå fondet. Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år. På bakgrunn av rekneskapstal og forventa utvikling i 2018 foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 08, med 24,9 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets tryggingsteneste (PST)*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST i tillegg til enkelte utgifter knytte til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta. Justis- og beredskapsdepartementet har fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 444, post 02.

Sikringstiltak knytte til NATOs generalsekretær

PST har i 2018 hatt meirutgifter til sikringstiltak knytte til NATOs generalsekretær. Det blir på denne bakgrunn foresått å aukte løyvinga med 1,5 mill. kroner.

Auka inntekter – paralleljustering

Det er venta ein oppgang i inntekter i 2018. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 444, post 01, med 5,5 mill. kroner, jf. omtale under kap. 444, post 02.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 444, post 01 med 7 mill. kroner.

Kap. 3444 Politiets tryggingsteneste (PST)*Post 02 Refusjonar*

På posten blir det rekneskapsført inntekter som PST får refunderte for enkeltoppdrag og særskild bistand til Utanriksdepartementet. På bakgrunn av rekneskapsstal og forventa utvikling i 2018 foreslår departementet å auke løyvinga på kap. 3444, post 02, med 5,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 444, post 01.

Utferding av pass og nasjonale ID-kort med eID

Departementet viser til omtale i Prop. 85 S (2017–2018), Stortinget sitt vedtak nr. 1002 (2017–2018) og omtale i Prop. 1 S (2017–2018). Justis- og beredskapsdepartementet bestemte i november struktur for utferding av pass og nasjonale ID-kort på bakgrunn av ei ny, faglig tilråding frå Politidirektoratet med fleire kontor enn den opphavlege tilrådinga deira. Avgjerda har teke utgangspunkt i målet om at 90 prosent av innbyggjarane i kvart distrikt skal ha maksimalt 45 minuttar køyretid til nærmaste passkontor. I sju politidis-

trikt gjer likevel internasjonale krav og forventningar til kvalitet og sikkerheit i utferdinga at målet ikkje vert nådd. For å sikre at publikum får dekka sine behov skal alle politidistrikt tilby utvida opningstider. For å spare brukarane for unødvendig ventetid skal alle pass- og ID-kontor også ha tilbod om timebestilling. Vidare skal eit nytt system for SMS-varsling sørge for at brukarane blir varsle før passet går ut. I tillegg skal det etablerast mobile løysingar for betra tilgjengelegheit i områder med lang reiseveg.

Med dette er Stortingets vedtak nr. 1002 (2017–2018) følgt opp.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap*Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 456, post 01*

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Sivilforsvaret, skular og regionkontor. Drift av avdeling for nød- og beredskapskommunikasjon blir dekt over kap. 456, post 01. Større nyinnkjøp m.m. blir rekna som driftsrelaterte kostnader og blir dekte under posten.

Etablering av fagskule for brann- og redningspersonell

I saldert budsjett 2018 er det løyvd 27,2 mill. kroner til å etablere ny fagskule for brann- og redningspersonell ved Noregs brannskule i Tjeldsund kommune i Nordland. Kostnadene knytte til gjennomføring av forprosjekt for ny infrastruktur i samband med at fagskulen skal etablerast, vil først komme til i 2019. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga under kap. 451, post 01, med 13,3 mill. kroner i 2018.

Samlokalisering av politiets operasjonssentralar og brannvesenets 110-sentralar

Nokre kostnader knytte til bygg og installasjoner når nødmeldingssentralane skal samlokalisera, vil komme til først i 2019. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga under kap. 451, post 01, i 2018 med 21 mill. kroner. Justis- og beredskapsdepartementet viser til at det er foreslått ein tilsvarende auke i løyvinga i Prop. 1 S for 2019.

Sivilforsvarets ekstraordinære innsatsar

Situasjonen med unormalt mykje skogbrann i vår og sommar har kravd auka innsats frå Sivilforsva-

ret, som støttar brannmannskap på bakken. Civilforsvarets ekstraordinaere innsatsar vart i samband med Prop. 2 S (2018–2019) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Justis- og beredskapsdepartementet (beredskap og håndtering av skogbranner)* rekna ut til å koste 19,8 mill. kroner ut året. Oppdaterte utrekningar tilseier at meirkostnadene blir til saman 18,6 mill. kroner. På bakgrunn av dette foreslår departementet å nedjustere løyvinga under kap. 451, post 01, med 1,2 mill. kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 451, post 01, med 35,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Hovudredningssentralen Sør-Noreg koordinerer bruken. Løyvinga på posten dekker bl.a. variable kostnader knytte til flytimar og ekstraordinær beredskap med skogbrannhelikopter. I 2018 er det sett av ca. 6 mill. kroner til dette i tillegg til at det i samband med Prop. 2 S (2018–2019) *Endringer i statsbudsjettet 2018 under Justis- og beredskapsdepartementet (beredskap og håndtering av skogbranner)* blir foreslått å auke løyvinga med 64,3 mill. kroner, slik at det til saman blir sett av 70,3 mill. kroner for inneverande år. Oppdaterte utrekningar tilseier at dei totale meirkostnadene blir til saman 61,1 mill. kroner. På bakgrunn av dette foreslår departementet å nedjustere løyvinga under kap. 451, post 21, med 9,2 mill. kroner.

Kap. 453 Civil klareringsmyndigkeit

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den nye sivile klareringsmyndigheita, medrekna bl.a. lønns- og andre personalkostnader til ei bemanning som er tilpassa dagens saksmengd, i tillegg til kostnader til leige av lokale i Moss og drift av IKT-løysingar.

Omdisponering

Civil klareringsmyndigkeit held mellombels til i Justis- og beredskapsdepartementet, og departementet dekker administrative kostnader til bl.a. husleige, straum og andre felleskostnader. Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 453, post 01 med 800 000 kroner mot ein tilsvarande

auke på kap. 400, post 01, jf. omtale under kap. 400, post 01.

Kap. 454 Redningshelikoptertenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift av den offentlege redningshelikoptertenesta og prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter, i tillegg til ressursar knytte til oppfølging av prosjektet. Løyvinga inkluderer vidare ein tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte, som skal hjelpe til å oppretthalde drift og god beredskap fram til dei nye redningshelikoptera er tekne i bruk.

Prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter

Det er stor aktivitet i prosjektet for innkjøpet av nye redningshelikopter bl.a. på grunn av forseinkingar hos leverandøren og fordi det første helikopteret havarerte. Det er venta at dette vil halde fram ut året. På denne bakgrunnen foreslår departementet å auke løyvinga med 12,7 mill. kroner.

Tiltaksplan for dagens Sea King-redningshelikopterflåte

Den høge alderen på Sea King-maskinene fører til behov for meir vedlikehald og ein utfordrande driftssituasjon. Det er derfor sett i verk eit eige vedlikehalds- og modifiseringsprogram for dagens redningshelikopterflåte. På bakgrunn av at enkelte kostnader knytte til vedlikehald av motorar og komponentar kjem først til neste år, foreslår departementet å redusere løyvinga under kap. 454, post 01, med 45 mill. kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 454, post 01, med 32,3 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyvinga på posten dekker investeringar til den offentlege redningshelikoptertenesta og investeringar knytte til innkjøp av nye redningshelikopter.

Som følgje av at leverandøren av dei nye redningshelikoptera er forseinka, har dei pådratt seg dagbøter. I tillegg er utbetring av landingsplassar ved sjukehus og utgifter til enkelte flytimar og kurs utsett til 2019 eller seinare. Det blir òg lågare

valutautgifter enn det ein har rekna med. I tillegg er utlegga som Justis- og beredskapsdepartementet har til meirverdiavgift som følgje av investeringar i eigedom, bygg og anlegg, lågare enn det ein hadde rekna med. Det er inngått avtale med helikopterleverandør om reparasjon av helikopteret som havarerte i november 2017. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyinga med 111,5 mill. kroner.

Tidspunktet for driftssetting er til vurdering, jf. Justis- og beredskapsdepartementets Prop. 1 S (2018–2019). Det er framleis eit planleggingsarbeid mellom Forsvarsdepartementet ved forsvarssektoren, som er ein sentral premissleverandør i arbeidet med innkjøpet av nye redningshelikopter, og Justis- og beredskapsdepartementet ved NAWSARH-prosjektet (Norwegian All Weather Search And Rescue Helicopter).

Kap. 455 Redningstenesta

Post 01 Driftsutgifter

Løyinga på posten dekker kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna HRS.

Omdisponering til HRS

I samband med at ein tilsett i departementet skal omdisponerast mellombels til Hovudredningssentralen i Sør-Noreg, foreslår departementet å auke løyinga på kap. 455, post 01 med 750 000 kroner mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 400, post 01.

Kap. 456 Nød- og beredskapskommunikasjon

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 451, post 01

Løyinga på post 01 dekker kostnader knytte til drift av DSBs avdeling for nød- og beredskapskommunikasjon (NBK), inkludert DSBs driftsorganisasjon for støtte og drift av brann og andre brukarar sine kommunikasjonssentralar og radioterminalar (BTS/BDO). Vidare dekker løyinga utgifter til ein fellesfunksjon for å forvalte utstyret som er knytt til Nødnett. Fellesfunksjonen skal varetakast av DSB.

Styringsramma – utbygginga av Nødnett

Delar av løyinga til driftsutgifter på post 01 er knytte til styringsramma for utbyggingsprosjektet for Nødnett. Departementet foreslår å redu-

sere løyinga på kap. 456, post 01, med 12,8 mill. kroner og auke løyinga på post 45 tilsvarende, ettersom det er planlagt å nytte midlane til investeringar knytte til dekningsforbetring, auka robustheit i form av batterikapasitet på basestasjonar og varsling av brukarar ved hendingar.

Fellesfunksjonen

Den planlagde formaliseringa av fellesfunksjonen er utsett i påvente av ytterlegare avklaringar knytte til korleis fellesfunksjonen skal organiserast, kva han skal omfatte, og korleis brukarfinansieringa skal innrettast. Departementet foreslår derfor å redusere løyinga under kap. 456, post 01, med 9,3 mill. kroner knytte til fellesfunksjonen, jf. omtale under kap. 3456, post 02 refusjonar driftsutgifter.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å redusere løyinga på kap. 456, post 01, med 22,1 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast

Løyinga dekker utgifter til avsluttande aktivitetar og investeringar knytte til utbygginga av trinn 2 av Nødnett. Løyinga dekker vidare kostnader for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet som blir bestilt av Nødnett-brukarar og kjøpt inn gjennom DNKs avtalar med leverandørar av Nødnett. Desse kostnadene blir dekte inn av refusjonar på kap. 3456, post 04. Løyinga dekker òg meirverdiavgift i samband med overføring av eigarskap for utstyr i Nødnett frå DNK til brukarmiljø i etane.

Nettverks- og kommunikasjonssentralutstyr – paralleljustering

Informasjon om tilleggsbestillingar av nettverks- og kommunikasjonssentralutstyr frå etatar og andre brukarar i 2018 er oppdatert. I samband med dette foreslår departementet å auke løyinga på kap. 456, post 45 med 27,6 mill. kroner.

Omdisponering

I samband med at det er planlagt å nytte deler av midlane til investeringar, jf. omtale under kap. 456, post 01, foreslås det å auke løyinga på kap. 456, post 45 med 12,8 mill. kroner.

Oppsummering

Samla foreslår departementet å auke løyvinga under kap. 456 post 45 med 40,4 mill. kroner.

Kap. 3456 Nød- og beredskapskommunikasjon

Post 02 Refusjonar driftsutgifter

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte driftskostnader til direktoratet, som skal finansierast av brukarbetalsordninga.

Departementet foreslår å justere ned løyvinga med 9,3 mill. kroner, i samband med at formaliseringa av fellesfunksjonen for å forvalte utstyret knytt til Nødnett er utsett. Jf. omtale under kap. 456, post 01.

Post 04 Refusjonar større utstyrskjøp og vedlikehald

Refusjonar frå brukarar for investeringar/kjøp som blir bestilte av Nødnett-brukarar gjennom DSBs avtalar med Nødnett-leverandørar, blir inntektsførte på kap. 3456 Nød- og beredskapskommunikasjon, post 04 Refusjonar større utstyrskjøp og vedlikehald. Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 27,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 456, post 45.

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker hovudsakleg utgifter til juridisk bistand i straffesaker til personar som har rett til advokatbistand i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9 a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalte, som fornærma eller som pårørande av eller etterlatne etter den fornærma.

Det har vore ein nedgang i innkomne straffesaker 1. halvår i 2018 samanlikna med den same perioden i 2017.

På bakgrunn av nedgangen i straffesaker og forventa utvikling foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 72,3 mill. kroner.

Kap. 469 Verjemålsordninga

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30. Posten dekker òg godtgjersle og utgiftsdekking til repre-

sentantar for einslege mindreårige asylsøkarar i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Fordi det har komme færre einslege mindreårige asylsøkarar, er det venta at utgiftene vil vere lågare enn opphavleg budsjettet. I tillegg har fylkesmannen fått i oppdrag å gå gjennom alle oppdrag der det blir brukt advokat som verje med timebetaling etter offentleg salårsats. Målet er å gjere desse oppdraga om til ordinære verjeoppdrag der det ikkje er behov for juridisk kompetanse. Oppdraget har gitt effekt. På denne bakgrunnen foreslår departementet å redusere løyvinga med 5,2 mill. kroner.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Posten blir belasta når staten blir dømd til, eller har inngått forlik om, å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Han blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje rundt erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare nytta til å dekke sakskostnade til ein motpart og til å dekke tilkomne forseinkingsrenter fram til ein månad etter at ein dom vart rettskraftig.

På bakgrunn av utbetalingane hittil i år og varsel om moglege utbetalingar resten av året foreslår departementet å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

Post 70 Erstatning til valdsoffer, overslagsløyving

Posten er ei regelstyrt overslagsløyving og skal gå til erstatning i saker etter valdsoffererstatningslova.

Kontoret for valdsoffererstatning har behandla færre saker i 2018 enn venta. På bakgrunn av dette foreslår departementet å redusere løyvinga med 55,6 mill. kroner.

Kap. 474 Konfliktråd

Post 01 Driftsutgifter

Posten dekker driftsutgifter til 22 konfliktråd og til Sekretariatet for konfliktråda (Sfk). Sfk har fått fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 474, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3474

post 02. Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,6. mill. kroner, jf. 3474, post 02.

Kap. 3474 Konfliktråd

Post 02 Refusjonar

Inntektene på posten er refusjonar, som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar. Løyvinga i saldert budsjett utgjer 0,68 mill. kroner. Det er venta at inntektene under posten vil auke til 1,3 mill. kroner som følge av eit tilskot frå Fylkesmannen i Trøndelag til eit prosjekt knytt til rusfeltet opp mot ungdomsstraff og ungdomsoppfølgingssaker hos konfliktråda. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 3474, post 02, med 0,6 mill. kroner i 2018, jf. omtale under kap. 474, post 01.

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

Post 50 Tilskot

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2018 vart løyvinga på kap. 480 Svalbardbudsjettet, post 50 Tilskot auka med 53 mill. kroner. Løyvinga vart ved ein inkurie ikkje fordelt internt på svalbardbudsjettet. Departementet foreslår derfor desse endringane på svalbardbudsjettet: Kap. 0003, post 70 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre blir foreslått auka med 27 mill. kroner. Kap. 0007 Tilfelldige utgifter, post 30 Skred- og bustadtiltak blir foreslått auka med 26 mill. kroner. Det blir foreslått at kap. 0007, post 30 blir påført stikkordet «kan overførast», sidan dei planlagde tiltaka vil bli sluttførte i 2019.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke statens utgifter i samband med drift av asylmottak. Prognosene for asylsøkarar til Noreg i 2018 er nedjustert frå 3 000 til 2 500 personar. Dette tilseier isolert sett at behovet for mottakspllassar er redusert. Det er utfordrande å redusere kapasiteten raskt nok når mottakskapasiteten er så låg som i dag, på grunn av logistikkutfordringar som oppstår når mottak skal leggjast ned. Bebuarar i mottak som skal leggjast ned, må flyttast til andre mottak, slik at det i ein periode vil vere behov for to plassar. Vidare er mottakskapasiteten for einslege mindreårige no så låg at ytterlegare nedlegging vil føre til at det ved ein eventuell auke i talet på einslege mindre-

årige ikkje vil vere ledig plass i EMA-mottak. På bakgrunn av dette er mottakskapasiteten ikkje redusert i tråd med den nye prognosene.

Talet på mottak er vesentleg redusert i 2018. Ved inngangen til året var det 58 mottak i drift, medan det ved utgangen av september var 40. Kapasiteten i mottaka er likevel noko høgare enn forventa i samband med revidert nasjonalbudsjett. Dette kjem av at det har blitt utløyst opsjonspllassar som følgje av ein rask auke i asylsøkarar frå Tyrkia i juni, og at det ikkje har vore mogleg å gjennomføre nedbygginga av plassar i transittmottak slik ein hadde forventa. Opsjonspllassane vart utløyste for å sørge for at det var god nok kapasitet dersom auken i asylsøkarar heldt fram utover sommaren. Talet på asylsøkarar som kom til Noreg frå Tyrkia, fall raskare enn venta frå august. Som følgje av nedgangen i talet på mottak og bebuarar blir det foreslått å redusere løyvinga til diverse tiltak i mottak, som returtiltak, dialoggrupper mot vald og tiltak for bebuarar i mottak for einslege mindreårige asylsøkarar. Vidare er det venta at kostnaden per bebuar i mottak blir høgare enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett. Dette kjem i hovudsak av at det no er færre bebuarar å fordele dei faste kostnadene på.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 31,3 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og omsetjing

Løyvinga på posten dekker utgiftene UDI har i samband med tolking og omsetjing under behandlinga av asylsaker.

Prognosene for kor mange asylsøkarar som kjem til landet er redusert samanlikna med forventa nivå, og dette fører til at det blir færre innkomstsamtalar med nye asylsøkarar. Vidare har UDI gjennomført færre intervju enn det som har vore lagt til grunn.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 10 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til vertskommunar for asylmottak

Løyvinga på posten dekker utgiftene kommunane har til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av asylmottak og omsorgssenter. Som omtalt under kap. 490, post 21, er det venta at talet på asylsøkarar vil gå ned i 2018, noko som gjer at det er mindre behov for løyving på posten. Behovet for løyving er likevel høgare enn rein volumjustering skulle tilseie. Dette fordi mottakskapasiteten er høgare enn det som ligg til

grunn for gjeldande budsjett, jf. nærmare omtale under post 21.

Vidare er det ein auke i talet på personar som bur i alternativ mottakspllassering (AMOT). Alternativ mottakspllassering inneber at UDI inngår ein skriftleg og gjensidig forpliktande avtale med ein kommune om å gi ein person utan opphaldsløyve eit butilbod i kommunen i staden for opphold i asylmottak. Årsaka til auken er at utflyttinga frå AMOT har vore lågare enn forventa som følgje av at ein stor del av bebruarane har avgrensa løyve på grunn av uavklart identitet. Med unntak av barnefamiliar og einslege mindreårige blir ikkje denne gruppa busett før identiteten er avklart. Regjeringa bestemte i 2018 at barnefamiliar med slike løyve skal busetjast etter første gongen dei har fornøya eit løyve. Men det tek tid frå vedtak til busetjing, og det er framleis barnefamiliar i AMOT som ventar på busetjing. Vidare er det innvilga fleire søknader om AMOT i samband med nedlegging av mottak, slik at personar med nære relasjonar i kommunen kan bli buande i kommunen.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 17,7 mill. kroner.

Post 70 Stønader til bebuarar i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke økonomiske yttingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv. Satsane for økonomiske yttingar blir differensierte bl.a. på bakgrunn av søknadsstatus og familiestatus. I tillegg kan bebuarar söke om nødvendige tilleggsyttingar ved behov.

Som omtalt under kap. 490, post 21, er det venta at talet på asylsøkarar vil gå ned i 2018, noko som gjer at det er mindre behov for løyving på posten. Behovet for løyving er likevel noko høgare enn det volumjusteringa tilseier, som følgje av auka utbetalingar til tilleggsyttingar.

Samla foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 6,4 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til aktivitetstilbod for barn i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning for aktivitetstilbod for barn i mottak. Det er venta eit mindreforbruk på posten knytt til aktivitetsmidlar for barn i mottak fordi det ikkje har komme inn nok søknader til å tildele heile løyvinga. Dette har truleg samanheng med reduksjonen i talet på mottak.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 2,6 mill. kroner.

Post 72 Retur av asylsøkarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, overslagsløyving

Løyvinga på posten skal bidra til at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphold i Noreg returnerer til heimlandet. Løyvinga skal òg legge til rette for at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt. Det er venta eit mindreforbruk på posten, bl.a. fordi det er venta færre returar enn det som er lagt til grunn for gjeldande løyving.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 19,6 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, kan overførast

Løyvinga på posten dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar og reiseutgifter for flyktningar som vender tilbake til heimlandet. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar. Det er venta at det vil komme nokre færre overføringsflyktningar enn det som er lagt til grunn for gjeldande budsjett. Dette gir reduserte offentlege utgifter. Det er derimot forventa eit meirforbruk på posten på grunn av auka reiseutgifter i samband med uttak av overføringsflyktningar som blir evakuerte frå Libya. I tillegg er dollarkursen høgare enn det som har vore lagt til grunn.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

Post 01 Retur av asylsøkarar med avslag og tilbakevending for flyktningar, ODA-godkjende utgifter

Visse utgifter knytte til retur og tilbakevending av flyktningar på kap. 490, post 01 og post 72 kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelpe (ODA-godkjende utgifter).

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 34,9 mill. kroner.

Post 03 Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, ODA-godkjende utgifter

Reiseutgifter for flyktningar til og frå utlandet, over kap. 490, post 75, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelpe (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av forslag om å auke løyvinga på kap. 490, post 75, foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjende utgifter

Visse innanlandske utgifter knytte til mottak av asylsøkarar og flyktingar, på kap. 490, post 21, post 60 og post 70, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

På bakgrunn av foreslalte endringar på kap. 490, post 21, post 60 og post 70, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 126,7 mill. kroner.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for andre verksemder sin bruk av UDIs IKT-løysingar og andre mindre refusjonar.

UDIs IKT-løysingar har i mindre grad enn tidlegare blitt brukt av andre etatar, og det blir dermed mindre refusjonar til UDI. Nedgangen i bruk kjem av at det kom færre asylsøkarar enn venta i 2018. Dette har dermed redusert bruken av UDIs system frå verksemder i utlendingsforvaltninga. Det er også etablert andre system som erstattar bruken av UDIs IKT-løysingar, og som gir mindre refusjonar til direktoratet.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på posten med 1,9 mill. kroner.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE, medrekna saksbehandlingsutgifter, eksklusive utgiftene til nemndmøte.

Utgifter knytte til sakskostnader til klagar etter forvaltningslova § 36 og UNEs utbetalingar i samband med tvunge verneting har sidan 2016 blitt budsjettet og rekneskapsført på post 01. For 2018 skulle desse utgiftene ha blitt løyvde på kap. 491, post 21, jf. postomtale i Prop. 1 S (2017–2018). Departementet foreslår følgjeleg å redusere løyvinga på posten med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende auke i løyvinga på kap. 491, post 21.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, kan nyttast under post 01

Løyvinga på posten skal dekke utgifter knytte til nemndmøte.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 4 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 491, post 01. Vi viser til omtalen under den nemnde posten.

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2018 under Justis- og beredskapsdepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under Justis- og beredskapsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

**til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2018 under
Justis- og beredskapsdepartementet**

I

I statsbudsjettet for 2018 blir det gjort følgande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 472 704 000 til kr 472 054 000	650 000
410		Domstolene	
	21	Spesielle driftsutgifter, forhøyes med fra kr 70 259 000 til kr 80 210 000	9 951 000
	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overføres</i> , nedsettes med fra kr 6 578 000 til kr 3 946 000	2 632 000
414		Forliksråd og andre domsutgifter	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med fra kr 37 976 000 til kr 33 976 000	4 000 000
430		Kriminalomsorgen	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 4 690 525 000 til kr 4 689 410 000	1 115 000
	45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , forhøyes med fra kr 51 019 000 til kr 58 019 000	7 000 000
	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i> , nedsettes med fra kr 76 800 000 til kr 58 000 000	18 800 000
432		Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 270 985 000 til kr 270 485 000	500 000
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med fra kr 17 415 424 000 til kr 17 408 124 000	7 300 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med..... fra kr 142 117 000 til kr 102 117 000	40 000 000
	22	Søk etter omkomne på havet, i innsjøer og vassdrag, <i>kan overføres</i> , nedsettes med	2 000 000
		fra kr 8 975 000 til kr 6 975 000	
	23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål, nedsettes med	6 600 000
		fra kr 27 507 000 til kr 20 907 000	
	25	Retur av asylsøkere med avslag og andre utlendinger uten lovlig opphold, <i>overslagsbevilgning</i> , nedsettes med	31 300 000
		fra kr 149 154 000 til kr 117 854 000	
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	7 000 000
		fra kr 879 434 000 til kr 886 434 000	
451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nytties under kap. 456, post 01</i> , nedsettes med	35 500 000
		fra kr 791 234 000 til kr 755 734 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , nedsettes med.....	9 200 000
		fra kr 71 534 000 til kr 62 334 000	
453		Sivil klareringsmyndighet	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	800 000
		fra kr 32 238 000 til kr 31 438 000	
454		Redningshelikoptertjenesten	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	32 308 000
		fra kr 678 971 000 til kr 646 663 000	
	45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , nedsettes med	111 498 000
		fra kr 2 271 502 000 til kr 2 160 004 000	
455		Redningstjenesten	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	750 000
		fra kr 108 317 000 til kr 109 067 000	
456		Nød- og beredskapskommunikasjon	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nytties under kap. 451, post 01</i> , nedsettes med	22 100 000
		fra kr 171 918 000 til kr 149 818 000	
	45	Større utstyrssanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i> , forhøyes med.....	40 400 000
		fra kr 44 352 000 til kr 84 752 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
466		Særskilte straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, nedsettes med	72 266 000
		fra kr 1 168 387 000 til kr 1 096 121 000	
469		Vergemålsordningen	
	21	Spesielle driftsutgifter, nedsettes med.....	5 230 000
		fra kr 155 230 000 til kr 150 000 000	
471		Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	
	71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i> , forhøyes med	30 000 000
		fra kr 106 543 000 til kr 136 543 000	
473		Statens sivilrettsforvaltning	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i> , nedsettes med.....	55 550 000
		fra kr 355 550 000 til kr 300 000 000	
474		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, forhøyes med	620 000
		fra kr 119 620 000 til kr 120 240 000	
490		Utlendingsdirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak, forhøyes med	31 294 000
		fra kr 795 168 000 til kr 826 462 000	
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse, nedsettes med	9 953 000
		fra kr 21 453 000 til kr 11 500 000	
	60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak, forhøyes med	17 730 000
		fra kr 185 894 000 til kr 203 624 000	
	70	Stønader til beboere i asylmottak, nedsettes med	6 410 000
		fra kr 116 986 000 til kr 110 576 000	
	71	Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, nedsettes med	2 643 000
		fra kr 29 415 000 til kr 26 772 000	
	72	Retur av asylsøkere med avslag og tilbakevending for flyktninger, <i>overslagsbevilgning</i> , nedsettes med	19 568 000
		fra kr 87 597 000 til kr 68 029 000	
	75	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, <i>kan overføres</i> , forhøyes med.....	459 000
		fra kr 11 920 000 til kr 12 379 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
491		Utlendingsnemnda	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttas under post 21</i> , nedsettes med.....	4 000 000
		fra kr 313 700 000 til kr 309 700 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling, <i>kan nyttas under post 1</i> , forhøyes med.....	4 000 000
		fra kr 6 221 000 til kr 10 221 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3400		Justis- og beredskapsdepartementet	
	01	Diverse inntekter, nedsettes med	950 000
		fra kr 5 355 000 til kr 4 405 000	
3410		Domstolene	
	01	Rettsgebyr, nedsettes med.....	44 208 000
		fra kr 365 510 000 til kr 321 302 000	
3432		Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	
	03	Andre inntekter, nedsettes med	500 000
		fra kr 1 033 000 til kr 533 000	
3440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten	
	01	Gebyr – pass og våpen, forhøyes med.....	42 700 000
		fra kr 258 348 000 til kr 301 048 000	
	02	Refusjoner mv., nedsettes med.....	50 000 000
		fra kr 272 715 000 til kr 222 715 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker, forhøyes med	444 000
		fra kr 264 892 000 til kr 265 336 000	
	07	Gebyr – sivile gjøremål, forhøyes med.....	73 400 000
		fra kr 831 643 000 til kr 905 043 000	
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visumfond, forhøyes med	24 900 000
		fra kr 21 258 000 til kr 46 158 000	
3444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	
	02	Refusjoner, forhøyes med	5 500 000
		fra kr 14 500 000 til kr 20 000 000	
3456		Nød- og beredskapskommunikasjon	
	02	Refusjoner driftsutgifter, nedsettes med	9 300 000
		fra kr 32 954 000 til kr 23 654 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	04	Refusjoner større utstyrsskaffelser og vedlikehold, forhøyes med	27 600 000
		fra kr 9 352 000 til kr 36 952 000	
3474		Konfliktråd	
	02	Refusjoner, forhøyes med	620 000
		fra kr 681 000 til kr 1 301 000	
3490		Utlendingsdirektoratet	
	01	Retur av asylsøkere med avslag og tilbakevending for flyktninger, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med	34 941 000
		fra kr 100 028 000 til kr 65 087 000	
	03	Reiseutgifter for flyktninger til og fra utlandet, ODA-godkjente utgifter, forhøyes med.....	483 000
		fra kr 14 150 000 til kr 14 633 000	
	04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter, nedsettes med	126 718 000
		fra kr 485 253 000 til kr 358 535 000	
	05	Refusjonsinntekter, nedsettes med	1 855 000
		fra kr 8 655 000 til kr 6 800 000	

=====